



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Asbjørn Brandtun
Austrheimvegen 1417
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/982 - 14/9418

Saksbehandlar:
Toril Marie Mulen
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:
21.10.2014

Landbruksfagrådet i Austrheim - Årsmelding 2013

(Vedteken på møte 25.11.14, sak 35/14)

Landbruksfagrådet vart oppretta ved kommunestyrevedtak i 2003 som oppfølging av tiltaksdelen i landbruksplanen. Vedtekter vart vedtekne i kommunestyret i 2004. Medlemene (5 stk) med personlege vara vert valde av kommunestyret, bondelaget, landbrukskvinnelaget, sauallslaget og viltfagrådet. Rådet skal arbeida med gjennomføring av handlingsdelen av landbruksplanen og vera rådgjevande for kommunestyret i landbruksrelaterte saker. Den kommunale landbruksforvaltninga skal vera sekretariat. Rådet skal leggja fram årsmelding.

For perioden 2011 - 2015 har rådet følgjande medlemar:

	Medlem	Vara
Austrheim kommune	Asbjørn Brandtun - leiar	David Ludvigsen
Landbrukskvinnelaget	Linda Syslak - nestleiar	Svanhild Neteland
Bondelaget	Jan Ove Arnø	Knut Daae
Sauallslaget	Reidar Øksnes	Tomas Lerøy
Viltfagrådet	Øyvind Ullestad	Johnny Fonnes

Hausten 2014 har landbruksfagrådet invitert unge bønder i Austrheim til å ta del på møta i landbruksfagrådet: Per-Kristian Austrheim Løvmo, Robert Hjertås,

Tema på dagsorden:

- Austrheim heile livet – landbruksfagrådet fekk orientering av prosjektleiar Frode Hervik, og fekk høve til å kome med innspel.
- Reguleringsplan for Krossøy – orientering av avdelingsleiar Asbjørn N Toft. Landbruksfagrådet har gitt innspel til reguleringsplanen.
- Tømmerkaien på Eidsnes – orientering av samfunns- og næringsutviklar i Austrheim og Lindås: Øystein Sørhaug.
- Beitebruksplan for Austrheim kommune. Tema har vore sett på dagsorden og diskutert.
- Landbruksfagrådet har vore pådrivarar for å få avsett midlar på Austrheim kommune sitt budsjett øyremerka til tiltak i landbruket. Det var avsett 300 000 kr i 2013. Alle midlane er løyvd.

- Landbruksfagrådet har vore pådrivar for å få avsett midlar øyremerka til tiltak i landbruket i 2014 på kommunen sitt budsjett. Det vart avsett 400 000 kroner i 2014.
- Orientering om mogleg utviding av felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy. Lindås, Meland og Modalen har søkt seg inn i felles landbrukskontor. Landbruksfagrådet har gitt uttale knytta til planane.
- Orientering om skogplanting av sitkagran og norsk gran
- Orientering om områdeplan for Nordre Fønnesvågen ved avdelingsleiar Asbjørn N Toft. Innspel frå landbruksfagrådet.
- Møte på Spjeldnes gard i Lindås. Informasjon og erfaringsutveksling i høve til å ta i bruk eldre sauefjøs til møte og selskapslokale.

Saker som landbruksfagrådet har arbeidd med:

Rådet har hatt 4 møte og handsama 40 saker. Dei viktigaste sakene har vore beitebruksplanen, revisjon av tiltaksdelen i landbruksplanen og strategi for praktisering av landbrukslovene i Austrheim.

Beitebruksplan/landskapspleie.

I 2007 vart det starta arbeid med plan for landskapspleie eller beitebruk. Målet var å organisera beiting over større område for på den måten å hindra at landskapet gror til. Beitefelta i Sætremarka og Utkilen/Synnevåg er i god drift. I tillegg er 2 mindre område etablert på Austrheim og Litlelindås. I Søre Fønnesmarka er det starta eit større beiteområde. Det meste av gjerdet er på plass og ein flokk Aberdeen Angus har teke området i bruk. Dette har skjedd ved direkte kontakt mellom dyreeigarar og grunneigarar. Planar og avtalar for nordre del av Bergsvikmarka er klare, men arbeidet har ikkje kome vidare. Det er ikkje andre

2 område som er klare, men det har vore møte/samtalar i følgjande område: Leirvåg, Njøta, Hopland, Sævrøy og Langøy.

3 prosjekt er med i landskap i drift (LID) som fylkesmannen driv. Søre Fønnesmarka kom med i år. Frå tidlegare har vi Sætremarka og Synnevåg/Utkilen.

Bruk av midlar til kulturlandskapet – SMIL m.m.

Kommunen får tildelt statlege midlar (SMIL = spesielle miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap) til fordeling til aktive bønder som gjer særskilt innsats for kulturlandskapet. For 2013 fekk kommunen tildelt kr 150.000.

I tillegg kunne ein nytta

inndregne midlar og ubrukne midlar frå Fedje - i alt kr 176.000. Desse er løyvde til konkrete tiltak i samband med beitebruksplanen og andre tiltak i kulturlandskapet. (Det er laga eigen rapport om bruken av midlane.)

Kommunen hadde avsett kr 50.000 til landbrukstiltak i 2009 og 2010. Midlane frå 2009 vart overført til 2010 og nytta til grøfteprosjekt på dyrka mark. I tillegg er ubrukne midlar frå 2007 som vart avsett til beiteprosjektet (ca. kr 26.000) overført til 2010. Det er løyvt kr 42.000 til Søre Fønnesmarka. Resten av midlane – ca. kr 30.000 - vert foreslått overført til 2011. LID har midlar til prosjekt. Søre Fønnesmarka fekk kr 100.000. Av dette skal kr 15.000 gå til presentasjon og utviklingstiltak.

Landbruksplanen.

Rådet avslutta arbeidet med revisjon av tiltaksdelen i landbruksplanen i desember 2009.

Framlegget vart handsama i formannskapet 15. mars og vedteke i kommunestyret 7. april med følgjande endring: Økonomiske saker vert handsama i budsjettet kvart år.

Planen har følgjande hovudmålsetting og delmål:

Eit livskraftig landbruk og levande grender i heile kommunen.

☒ Eit sterkt jordvern.

☒ Oppretthalda landbruk som næring – både heiltid og deltid.

☒ Styrkja produksjon av miljø- og kulturgoder, særleg eit opnare landskap.

☒ Leggja til rette for busetting i alle grendene.

☒ Arbeida for rekruttering, sosialt miljø og kompetanse i næringa.

I kommunestyret var landbruk tema før handsaminga. Der fekk rådet presentera situasjonen for landbruket i kommunen og litt av tankane som ligg bak revisjonen. Nærare 2 timar vart nytta. Representantane gav seg god tid og viste stort engasjement.

Ved budsjetthandsaminga vart det avsett kr 100.000 til landbrukstiltak og kr 50.000 til kulturlandskap. Dette vart følgt opp i økonomiplanen for 2012-14.

Uttale til planar.

Rådet har vurdert 4 planar: Planprogram Ulvøy friluftsområde. Planprogram for Kommunedelplan for klima og energi. Reg.plan for Solesjøen gnr. 139, bnr. 11 m.fl.

Reguleringsplan for gnr. 152, bnr. 6 og 27 – Litlelindås. Reguleringsplan for Baløy båthamn, gnr. 165 – Rongevær. Endring av reguleringsplan for Fonnesstraumen, gnr. 131.

Det er gjeve uttale i samband med framlegg til reg.plan for Solesjøen gnr. 139, bnr. 11 m.fl.

Landbruksdagen.

Landbruksdagen vart skipa til første laurdag i oktober for 3. år på rad. Det er landbrukskvinnelaget og sauallslaget som står bak, men mange andre lag og organisasjonar

3

deltok. Kommunen har støtta opp med midlar, kopiering, utsending og sekretær.

Landbruksdagen er ein stor suksess og ei viktig tilskipping som kommunen må støtta opp om.

Landbrukslovene.

Staten vedtek lovene og lagar rundskriv om korleis lovene skal praktiserast. Det meste av gjennomføringa er delegert til kommunane med eit visst rom for skjøn innanfor gjeldande lover og forskrifter. Dei viktigaste lovene er: Jordlov, skoglov, konsesjonslov, lov om forpaking og odelslov (buplikt). – Det vart vedteke ein del lovendringar sommaren 2009.

Rådet har drøfta landbrukslovene med sikte på å få vedteke ein kommunal strategi for praktisering. Arbeidet starta med ope møte i mars. 12 personar deltok. Lovene vart

gjennomgått før deltakarane vart delte i grupper. Gruppene kom med innspel til strategi.

Landbruksfagrådet har handsama saka på fleire møte i løpet av våren og sommaren før rådet

samla seg om eit utkast i september. Medlemane i rådet har også drøfta saka med sine

organisasjonar. Formannskapet handsama framlegget 28. oktober før kommunestyret

godkjende framlegget utan endringar i eit samrøystes vedtak.

Felles landbrukskontor.

Landbruksfagrådet har støtta opp om arbeidet for felles landbrukskontor for Austrheim, Fedje og Radøy. Planane er no vedtekne. Det er tilsett folk og kontoret skal overta landbruksadministrasjonen frå januar 2011.

Andre saker.

Rådet har handsama følgjande saker med vedtak eller uttale: Forbod mot piggtråd i gjerde.

Forbod mot dyrking av myr. Ny st.meld. om Landbruk og mat. Prosjekt Glade bønder.

Litt om landbruket og utviklinga i Austrheim.

1975 1985 1995 2000 2005 2008 2009 2010

Tal bruk i drift 84 (?) 97 57 51 32 27 25 28

Her av m. mjølkekyr 35 18 12 10 7 5 5 5

Jordbruksareal i drift, daa 5232 5022 5070 4328 4325 4366 4835

Tal mjølkekyr 199 225 187 173 121 79 78 75

Ammekyr 24 41 55 76

Andre storfe 318 467 437 373 270 204 206 208

Vinterfora sau 568 1711 1205 1430 1014 847 896 985

Utegangarsau 26 30 136 168

(Tala er henta frå søknader om produksjonstillegg – dyretal er frå 1/1. Reglane har endra seg ein del frå 1975.

Dermed kan føring og rapportering også vera litt endra. Tala er difor litt usikre.)

Asbjørn Brandtun

Med helsing

Toril Marie Mulen

leiar Felles landbrukskontor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Landbruksfagrådet i Austrheim - møtoreferat 09.09.2014

Mottakere:

Asbjørn Brandtun

Austrheimvegen 5943
1417

AUSTRHEIM